

Signering av referat frå styremøte NFL

16.02.2023

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- Høgalmen, Anne Karin (13.11.1971), signert 03.03.2023 med Signicat Sign BANKID
- Samsonstuen, Stine (07.11.1989), signert 22.02.2023 med Signicat Sign BANKID
- Moen, Hege Sæther (03.01.1969), signert 20.02.2023 med Signicat Sign BANKID_MOBILE
- Hansen, Ingvild Rydjord (09.06.1989), signert 20.02.2023 med Signicat Sign BANKID
- Groven, Giljar (07.03.1978), signert 02.03.2023 med Signicat Sign BANKID_MOBILE
- Heggheim, Vidar (29.02.1964), signert 27.02.2023 med Signicat Sign BANKID_MOBILE



Det signerte dokumentet inneholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

Norges Fjordhestlag
Myroldhaug
6770 Nordfjordeid

Referat frå styremøte Norges Fjordhestlag

Møte: 02/2023
Stad: Norsk Fjordhestsenter
Tid: Torsdag 16. februar kl.15:00

Desse møtte:
Hege Sæther Moen
Vidar Heggheim
Ingvild Rydjord Hansen
Anne Karin Høgalmen
Stine Samsonstuen
Bjørn Vollstad
Asle Espe

Orienteringar:
Avlsutvalet
Aktivitetsutvalet
Marknadsføringsutvalet
Orientering om utbetring av utstillingsplassen i Øyane og arealplan for Eid sentrum.

Sak 01/23 (Denne saka var ferdig handsama på e-post men er vedlagt slik at ein får signert vedtaket av alle.)

Søknad om økonomisk stønad frå Nordfjord Fjordhestlag til oppgradering av utstillingsplassen i Øyane.

Vedtak: Styret i NFL har vedtatt å løyve kr. 150 000,- til innkjøp av nye boksfrontar til stallen på utstillingsplassen i Øyane. Dette er nødvendig med tanke på tryggleiken for hingstane. Norges Fjordhestlag har ikkje teke stilling til framtidig lokalisering av utstillingsplass på Nordfjordeid i påvente av arealplan for Eid sentrum og dialog med Stad kommune, Nordfjord Fjordhestlag og Norsk Fjordhestsenter. Boksfrontane skal overførast til framtidig stall for hingsteutstillinga om anna lokalisering blir vald.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Høgalmen, Anne Karin (13.11.1971), 03.03.2023
- Samsonstuen, Stine (07.11.1989), 22.02.2023
- Moen, Hege Sæther (03.01.1969), 20.02.2023
- Hansen, Ingvild Rydjord (09.06.1989), 20.02.2023
- Groven, Gijjar (07.03.1978), 02.03.2023
- Heggheim, Vidar (29.02.1964), 27.02.2023

Forseglet av



Posten Norge

Sak 02/23 Gjennomgang av høringsuttaler frå lokal, distrikts og fylkeslag på utviding av virkeområde for stamboka for Fjordhest.

Vedtak: Styret i NFL har etter vurdering av innkomne svar frå laga vedtatt å fremme utviding av virkeområdet for stamboka for fjordhest som eiga sak på årsmøtet. Det er komt inn 15 svar frå laga. Styret vil i samarbeid med Norsk Hestesenter gje ei orientering når saka leggst fram på årsmøtet der vi svarar ut innkomne spørsmål frå høyringa, samt andre spørsmål årsmøtet har til saka.

Sak 03/23 Revidering av utstillingsreglement Norsk Hestesenter.

Vedtak: Styret i NFL støttar utkast til utstillingsreglementet Norsk Hestesenter med dei merknadar frå avlsutvalet som ligg føre.

Sak 04/23 Val av kåringsnemnd Fjordhest for 2023.

Vedtak: Styret i NFL har valt denne kåringsnemnda for 2023 (Vidar Heggheim og Hege Sæther Moen gjekk frå som inhabil) : leiar Vibeke Edvardsdal, Anne Siril Horstad Bruland, Live Haugen, Line Hellevang Haugen, Jodvar Herheim og Reinert Skumsnes.

Sak 05/23 Testpersonell utvida bruksprøve 2023.

Vedtak: Styret i Norges Fjordhestlag er godt nøgde med personellet som har vore nytta på utvida bruksprøve, og har stor tillit til at Norsk Hestesenter vel dei rette til oppgåva. Vi ønskjer at det er færre personar til stades i ringen under lausmønstringa i ridehuset, og foreslår at dei som dømmar bruksprøvene kan observere dette frå tribunesida i hallen.

Sak 06/23 Retningslinjer for utval av hingst i Sikkilsdalen og linjehingst.

Vedtak: NFL vil saman med NHS velgje ut ein kvalitetshingst til bruk i Sikkilsdalen. Lokallag som ventast å ville nytte tilbodet inviterast til å kome med innspel på aktuelle linje / hingstar som kan passe for hopper som er tenkt sleppt i Sikkilsdalen. Styret av ventar utval av linjehingst til ein veit kven som melder.

Sak 07/23 Showklasse for unghingstar 05. mai på Nordfjordeid

Vedtak: Styret i NFL vedtar at ein arrangerer showklasse for unghingstar under hingsteutstillinga. Det er mogleg både for åringar og 2-åringar å delta og kravet til deltaking er at dei er registrerte.

Sak 08/23 Strøyming av hingsteutstillinga 2023.

Vedtak: Styret i Norges Fjordhestlag ønskjer å gjere opptak samt strøyme delar av utstillinga. I utgangspunktet ønskjer ein sending av opptak frå torsdag og fredag samt strøyming av laurdag med premieutdeling.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Høgalmen, Anne Karin (13.11.1971), 03.03.2023
- Samsonstuen, Stine (07.11.1989), 22.02.2023
- Moen, Hege Sæther (03.01.1969), 20.02.2023
- Hansen, Ingvild Rydjord (09.06.1989), 20.02.2023
- Groven, Giljar (07.03.1978), 02.03.2023
- Heggheim, Vidar (29.02.1964), 27.02.2023

Forseglet av



Posten Norge

Sak 09/23 Gjennomgang av årsmeldingar, rapportar og årsrekneskap for 2022.

Vedtak: Styret i NFL godkjenner årsmeldingar og rekneskap som dei ligg føre.

Sak 10/23 Val av kontaktpersonar mellom Norges Fjordhestlag og kåringsnemnda under hingsteutstillinga.

Vedtak: Styret i NFL vel Ingvild Rydjord Hansen og Katrine Haugaard som kontaktpersonar med Norsk Hestesenter og kåringsnemnda i NFL.

Sak 11/23 Innspel til styret frå dommar Reinert Skumsnes til avlsplanen punkt 5.2. om premiegrad

Vedtak: Styret i NFL ønskjer at ein samlar opp innspel til endringar i avlsplanen til neste revidering. Avlsutvalet i NFL vil informere dommarane på neste dommarsamling om kva praksis NFL ønskjer på dette temaet om premiegrad fram til neste revisjon av avlsplan.

Sak 12/23 Neste digitale styremøte blir 20. mars kl.19.00.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Høgalmen, Anne Karin (13.11.1971), 03.03.2023
- Samsonstuen, Stine (07.11.1989), 22.02.2023
- Moen, Hege Sæther (03.01.1969), 20.02.2023
- Hansen, Ingvild Rydjord (09.06.1989), 20.02.2023
- Groven, Gijjar (07.03.1978), 02.03.2023
- Heggheim, Vidar (29.02.1964), 27.02.2023

Forseglet av



Posten Norge